

6

ØVING 1 \ RÅDGIVAREN

FORKLARING:

1. Undervisaren deler elevane inn i grupper.
2. Undervisaren gir gruppene ei problemstilling kvar.
3. Elevane skal finne ut kva personen deira må gjere for å løyse situasjonen på best mogleg måte. Dei må finne ut *kva* personen treng, *korleis* dei skal skaffe det, og *kvar* dei eventuelt kan gå for å få råd i ein slik situasjon.
4. Undervisar leier ein felles gjennomgang

SITUASJON 1

Lars hadde sex i helga, og han veit at dei ikkje brukte kondom. Korleis skal han gå fram for å løyse denne situasjonen på best mogleg måte?

SITUASJON 2

Fetisha var ute og rulla i går. Ho hugsar at ho klina med ein fyr, og at ho etter kvart såg at han hadde nokre sår og var opphovna rundt munnen. Ho googlar det og oppdagar at det kan ha vore herpes. Kva gjer ho?

SITUASJON 3

Adrian har lege med eit par stykke utan å bruke beskyttelse. Tidlegare har han brukt kondom, men han slit med at han mistar ereksjonen når han bruker det. Han er stressa fordi han fryktar kjønnsjukdommar, og har bestemt seg for å teste seg og begynne å bruke kondom igjen. Korleis kan han gå fram for å få gjort dette? Korleis kan han bli tryggare når han bruker kondom, slik at han ikkje mistar ereksjonen?

SITUASJON 4

Shumaila blir svært negativt påverka av p-piller og vil gjerne byte prevensjonsmiddel. Ho har googla litt, og hormonspiral høyrst ut som ei løysing der ho slepp så kraftige biverknader. Men når ho nemner det for ei venninne, seier venninna at ho ikkje kan setje inn spiral før ho har vore gravid. Dette gjer Shumaila veldig usikker. Men stemmer det?

SITUASJON 5

Sebastian er på hyttetur med nokre venner. Blant dei er ein kjenning av vennene hans, ein mann som heiter Kristoffer, og som er ope hiv-positiv. Ein kveld har Sebastian drukke hakket for mykje, og han drikk frå glaset til Kristoffer. Dette oppdagar han fordi Kristoffer gjer han merksam på det. Sebastian blir med eitt redd for at han er blitt smitta av hiv. Har Sebastian grunn til å vere uroleg?

SITUASJON 6

Åmmot held på med Eskild. I det siste har dei hatt ein del oralsex. Åmmot har merka at det svir når han tissar, og etter ein kjapp tur på Google bestemmer han seg for å teste seg. Testen kjem tilbake positiv for klamydia. Åmmot er usikker på om klamydia smittar via oralsex. Kva skal han gjere?

